



Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	JournalpostID
Linda Christine Olsen	K1 - 140	19/1090

Saksnr	Utval	Dato
022/19	Forvaltningsstyret	20.02.2019

Kommuneplan - 2019 - 2029 - godkjenning av plan for 1.gangshøyring

Vedlegg

1. Planomtale
2. Plankart
3. Delplan Reilstad
4. Temakart - Landbruksområder
5. Temakart - OmsynNaturmiljøFriluftsliv
6. Temakart - Kulturminner
7. Temakart - KvikkleireRasfare
8. Temakart - Akvakultur
9. Føresegner og retningslinjer
10. Risiko og sårbarhetsanalyse ROS
11. Konsekvensutredning innspel
12. Utredning Øyfast (Norconsult AS)
13. Øyfast. Konsekvensutredning for fastlandsforbindelse i Ryfylke (Norconsult AS)

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Planforslag for arealdelen av kommuneplan for Finnøy 2019-2029 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker i medhald av plan- og bygningslovas § 11-14.

Finnøy 12.02.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Forvaltningsstyret 20.02.2019:

Fellesframlegg frå forvaltningsstyret, foreslått av Olav Halsne, Kristeleg folkeparti

Planforslag for arealdelen av kommuneplan for Finnøy 2019-2029 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker i medhald av plan- og bygningslovas § 11-14, med dei endringar som vart vedtatt i FOR 021/19 og følgjande endringar i *Føresegnar og retningslinjer*:
Kommuneplanens bestemmelser skal vike ved motstrid mellom tidlegare vedtatte planar og kommuneplanen.

Krav om reguleringsplan for husklynger skal berre gjelde for husklynger med meir enn 5 bustadar.

2.2 Retningslinjer for tomtedeling/bygging av småhus

Pkt. 3 - BYA = 30 % endrast til 40 %

Pkt. 4 - fjerne *minimum 8 meters dybde op solrikt areal (mot vest/syd)*

2.3 Retningslinjer om utnyttingsgrad

Pkt. 7 - skal óg gjelde for Halsnøy og Ombo.

2.8

Pkt. 5 - endrast til **6** - 9 bustadar.

Tabell 1: Leikeplassnorm - sandleik/nærleikeplass skal utarbeidast i mindre bustadområde med **6** - 20 bustadar.

2.15

Pkt. 8 - Fogn kapell endrast til Fogn kyrkje.

2.15

Pkt. 9 - endrast frå kyrkje til bedehus.

3.7 Retningslinjer for bustadområder og husklynger

Pkt. 2 - TEK 10 endrast til TEK 17.

3.7

Pkt. 13 - første setning utgår.

3.10

Pkt. 4 - platting/fast dekke utgår.

3.10

Pkt. 19 - *...område H6 og H7* skal strykast.

3.15

Pkt. 19, 20, 21, 24, 26 og 27 utgår.

3.17 Føresegner for retningslinjer LNFR-område

Feil nummerering, må endrast til 3.18.

Pkt. 13, første kulepunkt - første setning endrast til **2 daa per bustadhus og må ha god arrondering.**

Siste setning og andre kulepunkt utgår.

Retningslinjer, pkt. 2 - *Som ein integrert del av eksisterande tun* utgår.

3.23

Drikkevatn utgår i overskrifta.

Pkt. 2 utgår.

4.1

Pkt. 3 utgår.

4.3

Flate id. F3. Rett navn er Sysøy.

Habilitet i saka:

Olav Halsne (KRF) stilte spørsmål ved sin habilitet i 3.10 punkt 25.

Birger Wikre Hetland (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet i 3.11 punkt 9.

Eline Wolden Bersagel (KRF) stilte spørsmål ved sin habilitet i 3.13 punkt 9.

Samtlege vart vurdert som ugilde.

Ugilde medlemmer var ikkje med under handsaming av dei einsskilte innspel. Vara møtte ikkje.

Fellesframlegget frå forvaltningsstyret fremja av Olav Halsne (KRF) vart samrøystes vedteke.

FOR- 022/19 VEDTAK:

Planforslag for arealdelen av kommuneplan for Finnøy 2019-2029 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker i medhald av plan- og bygningslovas § 11-14, med dei endringar som vart vedtatt i FOR 021/19 og følgjande endringar i *Føresegnar og retningslinjer*:

Kommuneplanens bestemmelser skal vike ved motstrid mellom tidlegare vedtatte planar og kommuneplanen.

Krav om reguleringsplan for husklynger skal berre gjelde for husklynger med meir enn 5 bustadar.

2.2 Retningslinjer for tomtedeling/bygging av småhus

Pkt. 3 - BYA = 30 % endrast til 40 %

Pkt. 4 - fjerne *minimum 8 meters dybde op solrikt areal (mot vest/syd)*

2.3 Retningslinjer om utnyttingsgrad

Pkt. 7 - skal óg gjelde for Halsnøy og Ombo.

2.8

Pkt. 5 - endrast til 6 - 9 bustadar.

Tabell 1: Leikeplassnorm - sandleik/nærleikeplass skal utarbeidast i mindre bustadområde med 6 - 20 bustadar.

2.15

Pkt. 8 - Fogn kapell endrast til Fogn kyrkje.

2.15

Pkt. 9 - endrast frå kyrkje til bedehus.

3.7 Retningslinjer for bustadområder og husklynger

Pkt. 2 - TEK 10 endrast til TEK 17.

3.7

Pkt. 13 - første setning utgår.

3.10

Pkt. 4 - platting/fast dekke utgår.

3.10

Pkt. 19 - ...område H6 og H7 skal strykast.

3.15

Pkt. 19, 20, 21, 24, 26 og 27 utgår.

3.17 Føresegner for retningslinjer LNFR-område

Feil nummerering, må endrast til 3.18.

Pkt. 13, første kulepunkt - første setning endrast til 2 daa per bustadhus og må ha god arrondering.

Siste setning og andre kulepunkt utgår.

Retningslinjer, pkt. 2 - Som ein integrert del av eksisterande tun utgår.

3.23

Drikkevatt utgår i overskrifta.

Pkt. 2 utgår.

4.1

Pkt. 3 utgår.

4.3

Flate id. F3. Rett navn er Sysøy.

Saksopplysningar

Bakgrunn for arbeidet

Kommuneplanen er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument der samfunnsdelen viser kommunen sine langsiktige strategiar og målsettingar for samfunnsutviklinga og kommuneorganisasjonen.

Arealdelen sin funksjon er å vise arealbruksstrategiar relatert til samfunnsutviklinga og fastsetje arealbruken i land og sjøområde dei nærmaste 10-12 åra. Arealdelen gir rammer for utviklinga og stiller krav om detaljert planlegging i viktige utbyggingsområde. Arealdelen er eit viktig rammeverk for innbyggjarar og næringsliv, der teknisk sektor og byggesak brukar plandokumenta dagleg i sakshandsaming og kontakt med utbyggjarar.

Gjeldande kommuneplan for Finnøy 2014-2025 arealdelen vart vedtatt i kommunestyret 27.4.2016. Sist heile arealdelen vart revidert var i perioden 2005-2007. I revisjonen i 2014-2016 hadde ein hovudsakleg fokus på å avklare arealbruken på Reilstad som vart liggande uavklart etter 2007. Deler av gjeldande kommuneplan er såleis svært gammal, og vart utarbeida etter den plan- og bygningslova som gjaldt før 2008.

Etter så mange år er det behov for revisjon og oppdatering av plankart og føresegner. Omfanget av merknader frå regionale styresmakter og innspel frå private interesser viser og behovet for justeringar. Samtidig er tida til å utarbeide ny plan svært knapp. Planen skal vedtakast av Finnøy kommunestyre innan september 2019, før valet hausten 2019 og før Finnøy kommune vert ein del av nye Stavanger 1.1.2020.

Planprosess, medverknad og politiske vedtak

Planstrategien for Finnøy kommune 2016-2020 ligg til grunn for denne kommuneplanrulleringa. Kommunestyret godkjente planprogrammet for kommuneplanprosessen hausten 2017. Planrulleringa omfattar revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen. Planprogrammet la rammer for medverknad med folkemøte, temamøte, opne kontordagar og arbeidsverkstadar for forvaltningsstyret, ungdomsrådet og andre. Dette vart arrangert hausten 2017 og våren 2018.

Ny samfunnsdel som gir retning for samfunnsutvikling og tenesteutvikling vart vedtatt av kommunestyret i desember 2018. Måla og strategiane i samfunnsdelen legg viktige føringar for arealdelen.

Det vart varsla oppstart av planarbeidet i 2017, og ein ba om innspel til arealdelen våren 2018. I samband med høyringa av arealdelen kom det inn 9 merknader frå offentlege instansar og 113 innspel frå private. Under høyringa av samfunnsdelen kom det inn fleire innspel som også er relevante for arealdelen. Gjennom ulike medverknadsarenaer kom innspel som er relevante for framtidsutviklinga. Innspel gjennom alle desse prosessane dannar grunnlaget for forslag til ny arealdel.

I september 2018 godkjende forvaltningsstyret kriterium for vurdering og prioritering av innspel. Oversikt over utbyggingsreservar i gjeldande kommuneplan for bustadområde, område for fritidsbustadar, reiselivsanlegg og småbåthamner følgde saka som gav føringar for prioritering av innspel. Vurdering og prioritering av enkeltinnspel vart seinare fremma som saker for forvaltningsstyret i november 2018 og januar og februar 2019. Det er med bakgrunn i desse sakene ein forslår endra arealbruk og føresegner i ny kommuneplan. I tillegg er det gjort endringar for å oppdatere planen i tråd med gjeldande lovverk og forskrifter, og regionale planar.

Visjon, mål og strategiar

Finnøy kommune sin visjon er:

- *Dei lyse og levande øyane. Saman for folk i Finnøy*

Hovudmålet for kommuneplanperioden 2019-2029 er :

- *Finnøy skal fremje bulyst, livskvalitet og lokal samfunnsutvikling i alle delar av kommunen.*

Med basis i visjon, hovudmål og andre målsettingar har Finnøy desse (areal) utviklingsstrategiane for kommuneplanperioden 2019-2029 :

- styrke Judaberg som kommunedelsenter i nye Stavanger
- sikre levande lokalsamfunn på alle øyar. Busettingsomsyn skal gjelde på ikkje landfaste øyar for å styrke busettinga
- legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle Finnøy som ein berekraftig blågrøn kommune med framtidsretta landbruk, berekraftig havbruk og attraktive reisemål. Tilleggsnæringar og arbeidsplassar skal styrkast på dei ikkje landfaste øyane
- sikre gode og stabile kollektivtilbod til og frå Stavanger og mellom øyane
- realisere Øyfast for å knytte alle delar av kommunen til fastlandet

Vurdering

Ny arealdel er nå utarbeida og viser nye og utvida område for havbruk, næring og bustadbygging. Føresegner og retningslinjer er oppdatert, og det er gjort eit grundig arbeid i vurdering av innspel med konsekvensutgreiing og nye planar for Øyfast. Samla kommuneplan skal leggjast på høyring for å sikre at alle sider ved planendringane er godt vurdert og i tråd med lokale og regionale mål og

ønskjer.

Finnøy blir ein del av storkommunen Stavanger 1.1.2020, knappe 4 månader etter godkjenning av arealdelen i kommunestyre. Det er ei målsetting at ein oppdatert kommuneplan skal komme til nytte i den nye kommunen, og gi føringar for korleis ein skal utvikle Finnøy vidare.

Kommuneplanen er eit viktig styringsinstrument for å utøve lokal politikk og gjere lokale prioriteringar. Det er eit mål at denne siste kommuneplanrulleringa i eigen regi blir ein prosess der viktige lokale interesser vert sikra for framtida.

Konklusjon

Rådmann tilrår med dette at kommuneplanen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslovas § 11-14. Høyringsperioden vil vere i 6 veker frå mars fram til påske 2019.